

# Møte i kunstutvalet for Voss gymnas

**Onsdag 16. januar kl. 10.15**

Stad: Voss gymnas

Til stades: Petra Rahm (kunstfagleg prosjektleiar), Tone Stedal Haugland (HFK Kultur- og idrettsavd, og referent) og Gunnar Hemre Ringheim (HFK Eigedomsseksjonen), Merete Hauge (HFK Eigedomsseksjonen), Unn Fauskanger(observatør). Per Høgaard Nielsen (arkitekt) Rakel Marøy (Voss husflidsskule)melde forfall. Kunstrnar Hilde Hauan Johnsen deltok i deler av møtet.

1. Godkjenning av innkalling og referat - ingen merknader

- 2. Oppdatering om lys til kunst i kantine og Gladiatorgangen**

Det var ein teknisk feil som gjorde at lyset ved kunstverka i kantina ikkje fungerte slik dei skulle. Dette er no ordna. Meir lys til Gladiatorgangen er bestilt.

- 3. Oppdatering om arbeidet knytt til samlinga.**

Rakel og Petra har vore på atelierbesøk til Sveinung Iversen og Vanessa van Vlerken med elevar.

Vanessa v Vlerken viste korleis ho jobba. Ho har ikkje til sals store biletar no, men foreslo å setje sama 6 mindre biletar for ein vegg. Dette vil få eit heilt anna uttrykk enn det komiteen hadde sett for seg. Kunstutvalet går difor inn for å spesialbestille 2 store biletar frå henne. Dette vil koste noko meir enn det som var budsjettert for dette, og komiteen vil difor flytte 10 000 kroner frå posten utforutsette utgifter til Vanessa v Vlerken. Vlerken vil gjerne jobbe litt på skulen for å sjå på lysforhold i forhold til fargejustering ol. Unn, Rakel og Petra får fullmakt til å bestemme fargejusteringar ol saman med kunstrnar.

Hos Sveinung Iversen fekk elevane velgje 4 trykk blant svart/kvitt-grafikken. Dei valde ikkje nokon av dei som komiteen såg som dei beste, og dei valde eitt med motiv som ligg tett opp til Facebooklogoen. Utvalet vedtek at det skal tingast 3 av dei biletar som elevane valde – minus «Facebookbiletet», pluss to av «broderitykkja». Desse fem biletar vil til saman koste 18 700 + innramming og etv + 5% kunstavgift.

- 4. Presentasjon av skisse fra Hilde Hauan Johnsen**

Hilde Hauan Johnsen presenterte si skisse til kunst på gymsalveggen – «Spire»(Vedlagt referatet). Kunstutvalet er svært fornøyd med det kunstnarlege i dette utkastet, og Hauan Johnsen har tatt vidare på ein fin måte mange av dei føringane og ideane utvalet hadde om kunstnarleg utforming på denne veggen. Ein diskuterte ulike tekniske moglegheitar og ulike materialval. Dette dialogen må forsetje for å finne dei beste løysingane. Gunnar, Merete og Hilde må sjå nærmare på dette saman, og innkaller evt heile komiteen ved behov. Når det gjed strømtiførsel bør avgjersla om punkta det takast innan om lag eit par veker.

Skissa må leggast fram for Fylkeskonservatoren som avtalt. Tone sender presentasjonen til Gunnbjørg Austrheim hos Fylkeskonservatoren.

Vi setter opp neste møte til 13.02. Stad for møtet avtalast seinare.